

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE-223	19/761

Saknr	Utval	Type	Dato
022/2019	Kraftfondsstyret	PS	16.12.2019

Søknad om støtte gjennom kraftfondet - Heklerier v/Elisabeth Sleire

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Kraftfondet	04.11.2019
Resultatregneskap 2018 vedlegg2.pdf	04.11.2019
Alpha Forlag vedlegg4.pdf	04.11.2019
Prosjekt Vinterstjerner i Masfjorden vedlegg5.pdf	04.11.2019
Søknad vedlegg1.pdf	04.11.2019
Resultatregneskap 2019 vedlegg3.pdf	04.11.2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Heklerier v/Elisabeth Sleire får eit tilskot med kr. 19.000 gjennom kraftfondet til omsøkte prosjekt «vinterstjerner i Masfjorden».

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Det vert søkt om tilskot gjennom kraftfondet med kr. 62.649 av eit totalprosjekt på kr. 112.649

Høyring/Uttale

Søkjer Elisabeth Sleire stilte og presenterte søknaden om støtte til å designe og produsere hekleoppskrifter for å bidra til å ivareta dette handverket på ein god måte, overfor kraftfondstyret i møte den 2. desember 2019.

§ 6 Forvaltning c. Alle søkjarar til kraftfondet skal verta invitert til kraftfondsstyret (eller Kommunestyret) for å få presentert sin prosjekt/forretningssideen sin.

Fakta

Viser til søknad med ein del vedlegg, som følger som sakstilfang til saka

Generelt for alle søknader i 2.tildelingsrunde 2019 kraftfondet, så vart det i kraftfondsbudsjettet 2019 avsett kr. 260.000 til nærings tiltak/støtte til næringslivet, og kor 180.000 vart løyvd i samband med første tildelingsrunde, og rest utgjør såleis 80.000 – det er mottatt 4 søknader om tilskot med søknadsfrist 1.11.19, summert til kr. 327.649

Relevante forhold saksa frå vedtekter for kraftfondet;

§ 2 Føremål Kraftfondet skal i hovudsak nyttast til næringsføremål. Fondet kan og nyttast til kommunale tiltak som tryggjer og aukar busetnaden i Masfjorden kommune. Prosjekt som har til føremål å betra vilkåra for sysselsetjing av ungdom og kvinner bør prioriterast. Det kan ikkje gjevast stønad til sanering av gjeld eller til den daglege drifta av verksemder og kommunen. Fondet's midlar kan berre nyttast til investeringar i varige driftsmidlar.

§ 5 Vilkår for stønad Samla finansiering frå kraftfondet til private nærings tiltak skal som hovudregel ikkje overstige 25 % av den samla kapitaltrongen for eit prosjekt.

Relevante forhold saksa frå retningsliner for kraftfondet;

• **Bedriftsutvikling** til dømes: etableringsstipend, opplæring, **produktutvikling, marknadsføring,** marknadsundersøking og planlegging.

Beløpsgrenser for støtte gjennom kraftfondet; • Bedriftsutvikling kr. 40.000,-

Vurdering

Det vert søkt om støtte til eit prosjekt som ein kan definere som produktutvikling og marknadsføring av Masfjorden. Stønad gjennom kraftfondet – kan normalt ikkje overstige 25% av kapitalbehovet, som i dette tilfelle utgjør om lag kr. 28.000,-. Liten pott til restfordeling i 2019, men landar på at omsøkte prosjekt får støtte gjennom kraftfondet med kr. 19.000,-.

Konklusjon

Heklerier v/Elisabeth Sleire får eit tilskot med kr. 19.000 gjennom kraftfondet til omsøkte prosjekt «vinterstjerner i Masfjorden».

Kraftfondsstyret - 022/2019

KRFT - behandling:

Søker Elisabeth Sleire presenterte sin søknad i Kraftfondstyret 02.12.19.

Saka vart drøfta.

Det vart jobba fram følgjande framlegg til vedtak i møtet:

Heklerier v/Elisabeth Sleire får eit tilskot med kr. 25.000 gjennom kraftfondet til omsøkte prosjekt "vinterstjerner i Masfjorden".

Framlegg til vedtak jobba fram i møtet vart samrøystes vedteke.

KRFT - vedtak:

Heklerier v/Elisabeth Sleire får eit tilskot med kr. 25.000 gjennom kraftfondet til omsøkte prosjekt «vinterstjerner i Masfjorden».

